



ÅLESUND KOMMUNE  
Postboks 1521  
6025 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

## Høyring - utgreiing av grensejustering mellom kommunane Ålesund og Aukra - Ona og Sandøya

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal skal på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) gjere ei utgreiing og gje departementet ei tilråding når det gjeld grensejustering av øyene Ona, Sandøya og Gåsøya (vedlegg 7).

### Vi ber om ein uttale til grensejusteringssaka frå kommunestyret i Ålesund kommune:

- Kva for konsekvensar vil det gje for Ålesund kommune dersom øyene Ona, Sandøya og Gåsøya blir grensejustert over til Aukra kommune?
- Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa?

Vi vil i tillegg gje følgjande høyringspartar høve til å uttale seg i saka:

Kommunestyret i Aukra kommune:

- Kva konsekvensar vil det gje for Aukra kommune dersom øyene Ona, Sandøya og Gåsøya blir grensejustert frå Ålesund kommune
- Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggjarhøyringa?

Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Korleis vurderer fylkeskommunen ei grensejustering ut ifrå eit regionalt perspektiv

**Høyringsfristen er sett til 23. september 2024.**

### Relevant informasjon i høyringssaka

Statsforvaltaren har med utgangspunkt i oppdragsbrevet frå KDD utarbeidd eit faktagrunnlag. Møre og Romsdal fylkeskommune har bidratt i utarbeidinga av faktagrunnlaget. Statens kartverk og kommunane Aukra og Ålesund, har fått høve til å gje innspel til faktagrunnlaget. Oppdatert faktagrunnlag er lagt ved (vedlegg 8), og ligg også tilgjengeleg på våre [heimesider](#).



Statens kartverk har i brev av 10. mai 2024 gitt sin uttale til ei eventuell ny kommunegrense mellom Aukra og Ålesund. Brevet er lagt ved (vedlegg 10).

Opinion har på oppdrag for Statsforvaltaren gjennomført ei høyring av innbyggjarane på Ona og Sandøya. Rapporten som viser resultatet frå innbyggjarhøyringa er lagt ved (vedlegg 11), og ligg også tilgjengeleg på våre [heimesider](#).

### Vidare saksgong

Statsforvaltaren vil gjere ei vurdering og gje ei tilråding til departementet med bakgrunn i søknadene, oppdragsbrevet frå KDD, faktagrunnlag, resultatet frå innbyggjarhøyringa og mottatte høyringsuttaler.

Vår vurdering og tilråding vil bli sendt over til KDD for endeleg avgjerd innan 15. oktober 2024.

Relevante dokument er lagt ved som vedlegg til saka. Sjå oversikt over vedlegg nedanfor.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)  
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik  
plansamordnar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Kopi til:

<b>STATENS KARTVERK</b>	<b>Postboks 600 Sentrum</b>	<b>3507</b>	<b>HØNEFOSS</b>
<b>MØRE OG ROMSDAL</b>	<b>Postboks 2500</b>	<b>6404</b>	<b>MOLDE</b>
<b>FYLKESKOMMUNE</b>			
<b>Oddgeir Viken</b>	<b>Onagarden 10</b>	<b>6298</b>	<b>Ona</b>
<b>Arve Linningsvoll</b>	<b>Linningsvegen 31</b>	<b>6297</b>	<b>Sandøy</b>
<b>AUKRA KOMMUNE</b>	<b>Kommunehuset</b>	<b>6480</b>	<b>AUKRA</b>
	<b>Nyjordvegen 12</b>		

### Vedlegg:

1. Søknad Ona og Sandøya
2. Søknad Gåsøya
3. Brev frå SF, orientering om søknadar
4. Brev frå Ålesund kommune
5. Brev frå Aukra kommune
6. Brev frå SF, oversending av søknadar til KDD
7. Oppdragsbrev frå KDD
8. Faktagrunnlag oppdatert
9. Innspel til faktagrunnlag frå Ålesund kommune
10. Høyringssvar frå Statens Kartverk
11. Rapport frå innbyggjarhøyringa